




Over: Helgehornet og Morkaåsen sett frå Nivekollen. Indrehovdeåsen, sjå kapittelet om Ørsta.

Under: Frå Lidaveten mot Helgehornet, Tua og Berkvika.



## Berkneshalvøya

Den smale halvøya mellom Ørstaffjorden og Voldsfjorden har to låge fjelltoppar, Lidaveten og Helgehornet. Nærleik til bygdesentra og vid utsikt gjer toppane til velbrukte trim-mål.

### 2.30 Sollidalen - Helgehornet

Ein lett tilgjengeleg fjelltopp med vidt utsyn nær tettstadane Ørsta og Volda. Sjølv om ruta er blitt mindre attraktiv etter at skyttarane braut stilla i Sollidalen, kan vi tilrå ein rask trimtur til Helgehornet. Sesongen kan vare frå mai til november.

Ei **lett** rute, berre **1 time** treng du frå starten på **270 m** til toppen på **623 m**. Det er **3 km** tur-retur.

Frå rv 653 nord for Morkaåstunnelen er det skilta til Ytrestøylen og skytebana i Sollidalen. Her er god parkering. Stien går langs den låge skogkledde åsryggen 1/2 km nordover, så dreier du vest og følgjer fjellryggen til antenna på toppen. Er du redd skyttarane, kan du starte frå Hovdevatnet.

### 2.31 Eidheim - Tua

I variert terreng over Berkvika smyg stien seg over småkollar opp til eit flott utsiktspunkt.

**Lett** rute, vel **40 min** opp, **30 min** ned. **1,5 km** ein veg, frå **140 - 370 m**.

Over: Frå Tua mot Lidaveten.

Køyr frå E39 mellom Ørsta og Volda mot Berkneset. Etter 7 km er du i Berkvika, og kan køyre opp ein bratt veg mot Eidheim. Start frå denne vegen, ca 100 m frå der ein bomveg tek av, rett overfor to bustadhus. Umerka, men tydeleg og velhalden sti gjer at du aldri er i tvil om vegvalet, først langs ryggane mot Helgehornet, og så mot vest over snaue ryggar til Tua.

Frå Tua kan du følge fjellryggen vidare i lett kupert terreng, delvis på sti, til Helgehornet.

### 2.32 Eidheim - Lidaveten

Denne toppen var eit viktig kommunikasjonsknutepunkt den tida vardebrenning var den mest effektive varslinga. I dag ruvar ein voldsom varde på toppen. Sjølv med bratte kneiker meiner vi at ruta er barnevennleg. Utsikta mot Ørsta er storslått.

Denne **lette** ruta stig opp frå **140-592 m**. Du treng **1 time** opp, **2 km** ein veg.

Tilkomst som rute 2.31. Parkerer der ein stengd bomveg startar under kraftleidninga. Gå på bomvegen forbi anlegget til Lid vassverk, med ein knapp sving aust til den skogkledde åsen. Stien er tydeleg mot nordvest langs den kupert fjellryggen. Bratte parti før du passerer skoggrensa, like før toppen.